



DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkjeleg fellesnemnd

Fossetunet 1A, Postboks 180
6851 SOGNDAL
Tlf: 57679985

Sogndal 05.11.2019
Vår sakshandsamar: JMHE
Vår ref.: 19/00037-002
Arkivkode: 415

REGLAR OM BETALING FOR BRUK AV KYRKJENE.

Jmfr. ”Reglar om betaling for bruk av kyrkja” godkjent til bruk av Bjørgvin Bispedømeråd 9. februar 2007 med heimel i Lov av 7. juni 1966 om Den norske kirke § 20.

- §1 Reglane gjeld ved utlån av kyrkja og ved presten sin bruk av kyrkja til kyrkjelege handling.
- §2 For konsert eller liknande arrangement som ikkje er gudsteneste eller oppbyggjeleg møte, er leiga kr. 4.000,- ved leige av Stedje kyrkje, og kr. 1500,- ved leige av dei andre kyrkjene i fellesrådsområdet. I tillegg betalar arrangør 10 % av billettinntektene til soknerådet i det soknet der arrangementet finn stad. Arrangement som inngår i soknet sitt kyrkjemusikalske arbeid får fritak frå betaling.
- Det skal skrivast leigekontrakt mellom leigetakar og kyrkjekontoret før alt utlån av kyrkja. Ein nyttar då leigekontraktskjema som er godkjente av soknerådet.
- §3 For vigsle av brudepar som er busette utanfor fellesrådsområdet er leiga kr. 4.000,-. For medlemar av Den norske kyrkja gjeld dette likevel ikkje ved vigsel, når ein av brudefolka eller ein av foreldra deira er busett i kommunen.
- §4 For utanbygds gravferd vert det ikkje kravt leige for bruk av kyrkja/lokale.
- Ved utanbygds gravferd (der avlidne var busett utanfor prostiet) kan Bjørgvin Bispedøme krevje godtgjering for prestetenesta.
- §5 Faktiske utgifter (straum, løn, reinhald o.l) ved utlån av kyrkja til gudstenester eller andre oppbyggjelege samlingar, kan det i alle tilfelle krevjast dekning for. Fellesrådet gjer avtale. Dette gjeld ikkje for dei som har rett til fritak frå betaling for kyrkjelege tenester etter §3 og §4.
- §6 Kyrkjeleg fellesråd fastset i kva for utstrekning den kyrkjelege betjeninga, som rådet har arbeidsgjevaransvaret for, skal nyttast og om betaling for dette. Men kyrkjetenaren – eller nokon i hans stad – skal vere tilstades og ha det overordna ansvaret ved t.d. tillaup til brann.
- §7 Skade som vert påført kyrkja eller inventar i kyrkja i samband med utleiga skal dekkast av leigetakar.
- §8 Kyrkjeleg fellesråd kan i særskilte høve gje dispensasjon frå betalingsattsane.
- §9 Utlån av kyrkja til øving, plateopptak, eller liknande føretak som ikkje har som føremål å samle publikum vert avgjort av kyrkjeleg fellesråd. Betaling for utlånet skal dekkja faktiske utgifter og vert fastsett av fellesrådet. For omvising, turistbesøk eller liknande gjeld regelen tilsvarande. Vedtaket om utlån er avhengig av godkjenning frå soknerådet.